



NVE



RAPPORT NR. 26 / 2024

Snøskredulykker i Norge vinteren 2023/24

SKREVET AV Jostein Aasen

NVE Rapport nr. 26/2024

Snøskredulykker i Norge vinteren 2023/24

Utgitt av: Noregs vassdrags- og energidirektorat
Redaktør: Rune Verpe Engeset
Forfatter: Jostein Aasen
Omslagsbilde: Redningshelikopter over snøskredet på Ronsfjellet
Foto: Ragnhild Tonstad

ISBN: 978-82-410-2429-0
ISSN: 2704-0305
Saksnummer: 202420317

Sammendrag: Rapporten tek for seg snøskredulykker med omkomne i Norge vinteren 2023/24, samt utviklinga innan snøskredulykker sidan 2008.

Emneord: Snøskredulykker, snøskred

Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

November, 2024

Innhold

Forord	4
Samandrag	5
1 Innleiing	6
2 Historisk utvikling	6
2.1 Omkomne i snøskred etter år 2008	9
3 Ulykker vinteren 2023/24	10
3.1 Den 9. desember 2023 – Ronsfjellet, Meløy.....	10
3.1.1 Oppsummering.....	11
3.1.2 Regobs	11
3.1.3 Snøskredvarsel for Svartisen 9.12.23	12
3.2 Den 9. desember 2023 – Langenestinden, Ørsta	13
3.2.1 Oppsummering.....	13
3.2.2 Regobs	14
3.2.3 Skredvarsel for Sunnmøre 9.12.23	14
3.3 Den 22. januar 2024 – Jamnfjellet, Tromsø.....	15
3.3.1 Oppsummering.....	15
3.3.2 Regobs og rapport.....	16
3.3.3 Snøskredvarsel	16
3.4 Den 26. Januar 2024 – Solaust – Hemsedal	17
3.4.1 Samandrag	17
3.4.2 Regobs	18
3.4.3 Snøskredvarsel	18
4 Oppsummering	18
4.1 Lett å løyse ut snøskred	18
4.2 Faregrad 2	18
4.3 Terrengfeller	19
4.4 Nordmenn	19
4.5 Vedvarande svakt lag.....	19
4.6 Terreng og aktivitet	19
4.7 Åleine i skredterreng.....	20
Vedlegg	21
Vedlegg 1 Klassifisering av snøskredterreng (KAST)	21
Vedlegg 2 Snøskredproblem.....	21

Forord

Noreg har ein lang vinter og eit aktivt vinterfriluftsliv. Over heile landet finst det store områder der ein kan gå ski og toppturar. Områda langs kysten i Nord Noreg og langs Vestlandskysten tiltrekker seg store mengder utanlandske skituristar, men også både lokalbefolkning og tilreisande nordmenn nyttar seg av desse fjella. Mange av dei som går skiturar i norske fjell ferdast i skredterreng og utset seg då også for snøskredfare. Men det er ikkje berre skituristar som utset seg for snøskredfare. Ein lyt hugse at det er terrenget ein oppheld seg i som er avgjerande for om ein utset seg for fare, og ikkje kva aktivitet ein held på med. I Norge finst det mange hus og vegar som ligg skredutsett til.

Dette er ein samlerapport som tek for seg dei hendingane der folk omkom i snøskred vinteren 2023/24, samt utviklinga gjennom fleire år frå 2008.

Rapporten er skriven av Jostein Aasen og er kvalitetssikra av Rune V. Engeset.

Oslo, November 2023

Hege Hisdal
direktør
Hydrologisk avdeling

Rune V. Engeset
seksjonssjef
Seksjon for bre, is og snø
Hydrologisk avdeling

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjend i samsvar med interne rutinar.

Samandrag

Vinteren 2023/24 omkom det 4 personar fordelt på 4 snøskredhendingar i Noreg. 2 av desse hendingane var på same dagen. Alle 4 hendingar var i forbindelse med friluftaktivitetar. 2 på topptur på ski, 1 på fottur, og 1 på skikøyring utanfor løypene ved skianlegg. Dette er færre omkomne enn det som er gjennomsnittet dei siste 16 åra som er 6,75 omkomne per år.

Vinteren 2023/24 blei det registrert 84 skredtekne. Det var ingen omkomne på veg eller i bygningar.

Det har no vore 4 vintrar på rad utan at nokon har omkome i skred ved snøskuterkøyring i Noreg, og det har vore 3 vintrar utan omkomne ved skavlbrekkulykker.

Alle hendingane var innafor Snøskredvarslinga sin varslings sesong (1. desember – 31. mai) og alle hendingane var innanfor dei ordinære varslingsregionane.

1 Innleiing

NVE registrer alle snøskredhendingar med menneske i snøskred som me får kjennskap til. For å gjere dette arbeidet brukar me tal frå Varsom-appen og Regobs. Snøskredvarslarane føl også med på facebooksider som omhandlar ski, topptur og snøskred, og NVE abonnerer på nyhendeovervaking angående snøskred i norske media. Etter nokre hendingar sender involverte inn eit meir detaljert skjema med informasjon om hendinga. Redningsaktørar som har vore med i skredaksjonar har også delt informasjon om hendingar.

Vinteren 2023/24 har me registrert skredhendingar med 84 skredtekne personar. Registreringa av skredtekne starta vinteren 2014/15 og vert regelmessig oppdatert på varsom.no. Alle som vert utsett for ei skredhending eller vert vitne til ei hending vert oppfordra til å dele informasjon om dette ved hjelp av Varsom-appen.

[Snøskredulykker i tabell | Varsom.no](#) gjev ein oversikt over alle kjente ulukker og mogelegheit til å sortere desse på faktorar som alvorlegheitsgrad, aktivitet, utlausningsårsak, type svakt lag eller geografisk område.

Kjelder brukt i denne rapporten:


- NVE sin oversikt over snøskredulykker
- Rapport frå Norsk folkehjelp
- Innsendte observasjonar i Regobs
- Etterspurt og tilsendt informasjon frå frivillige
- NGI ulykkesrapportar og oversikt.

2 Historisk utvikling


Vinteren 2023/24 omkom det 4 personar i snøskred i Noreg (figur 2-1). Dette er halvparten av året før då det var 8 som omkom. Det er også lågare enn gjennomsnittet for dei siste 16 åra som er 6,75 omkomne per år. Sidan vinteren 2014/15 har me registrert tal på skredtekne. Vinteren 2023/24 er det registrert 84 skredtekne. Dette er likt som året før.

Som me ser av figur 2-2 har det årvisst vore snøskredulykker i samband med skavlbrott og med snøskuterkøyring. Men no har det vore 4 vintrar utan dødsulykker med skuterkøyring, og det har vore 3 vintrar utan dødsulykker med skavlbrott.

Ulykker i samband med ferdsel på ski og snøbrett står no for 57,4% av alle dødsulykkene. I tillegg til dette kjem skavlbrottulykkene som også folk på ski og til fots er involverte i. Vinteren 2023/24 var 3 av 4 omkomne på ski, og 1 til fots.




Figur 2--1 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2024. Registrering av skredteknene starta vinteren 2014/15 og talet inkluderar både omkomne og overlevande. Kjelde: varsom.no




Figur 2-2 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2023, sortert på aktivitet. Kjelde: varsom.no

Viss ein tek vekk sørpeskred og skavlbrøt frå oversikta og fokuserer på skred innan dei skredproblema som vert varsla av Snøskredvarslinga vert fordelinga sjåande ut som i figur 2-3




Figur 2--3 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2024 sortert på aktivitet men utan sørpeskred og skavlbrott. Kjelde: varsom.no

Snøskredvarslinga har registrert omkomne og skredtekne fordelt på områder i landet sidan vinteren 2008/09 (figur 2-4). Troms fylke har dei fleste dødsulykkene. Denne vinteren derimot var det ingen dødsulykker i snøskred i Troms. TROMS HADDE SJEKK KOR MANGE SKREDTEKNE I VINTER?



Figur 2--4 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2024 sortert på område.

Mars er framleis den månaden med flest omkomne når ein sumerar opp tala for dei siste 16 åra (figur 2-5). April er den månaden med nest flest hendingar. Viss ein ser på datoar vil ein sjå at dei aller fleste ulykkene kjem i månadsskiftet, altså seint i mars eller tidleg i april. I vinteren 2023/24 var det ingen ulykker desse månadane. Alle dei fire dødsulykkene var i desember og januar.



Figur 2--5 Omkomne i snøskredulykker frå hausten 2008 til sommaren 2024 sortert på måned.

2.1 Omkomne i snøskred etter år 2008

I løpet av 16 år frå hausten 2008 har me registrert 108 omkomne i 88 hendingar i snøskred i Noreg. Dette gjev eit årleg snitt på 6,75 omkomne.

Skredproblemet vedvarande svakt lag er skredproblem i dei alle fleste dødsulykkene, i 66% av hendingane har me registrert dette som skredproblem. Vedvarande svakt lag får me etter det har blitt danna kantkorn eller rim, som oftast under kuldeperiodar. Når slike lag vert dekket av snø som dannar flak får me eit skredproblem som er svært vanskeleg å handtere.

Viss ein fokuserer på skredulykker med folk på ski så ser me at

- I 71% av hendingane med omkomne er skredet personutløyst (i tillegg er det 13 % der utlørsar er ukjent)
- 58% av dei omkomne i ulykker med skituristar er norske og 42% er utanlandske.
- 69% av dei omkomne har skredutstyr. (Sendar/ mottakar, spade og søkestong)

Det har vore mykje merksemd rundt utanlandske turistar som dør i snøskred i Troms. Og i Troms er desse overrepresentert. Men tala viser at det framleis er flest nordmenn som forulykkar i snøskredulykker i Noreg.

3 Ulykker vinteren 2023/24

Dei seinare åra har me for å kunne samanlikne utvikling frå år til år summert tal på omkomne, tal på involverte, terreng i løysneområdet, terrengfeller, svakt lag (som gjekk til brot), kameratredningsutstyr og KAST klasse (sjå vedlegg). I nokre av hendingane er enkelte av punkta vanskeleg å sei noko om eller lite relevant og vert difor ikkje teke med.

Dato	Døde	Involverte	Stad	Kommune	Aktivitet	Skildring
9.12.23	1	1	Ronsfjellet	Meløy	Topptur	Mann åleine på tur vart teken og begravd i snøskred
9.12.23	1	3	Langenestinden	Ørsta	Topptur	Mann i gruppe på tre vart teken i snøskred og ført langt nedover fjellside.
22.01.24	1	1	Jamnfjellet	Tromsø	Fottur	Kvinne på tur med hunden vart teken og begravd i snøskred
26.01.24	1	3	Solaust, Hemsedal skisenter	Hemsedal	Ski offpiste	Gruppe på 3 løyste ut og vart tekne i skred. Ein omkom.

3.1 Den 9. desember 2023 – Ronsfjellet, Meløy



Figur 3--1 Snøskredet på Ronsfjellet. Foto Ragnhild Tonstad.

Omkomne	1
Skredtekne	1
Aktivitet	Topptur
Terreng	Brattheng
Terrengfeller	Ja, brå overgang mellom bratt og flatt terreng
Svakt lag	Nedsnødd / nedføyka overflaterim
Skredstorleik	2, middels stort skred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	2

3.1.1 Oppsummering

Ein mann var på topptur åleine. Oppover i siste bakken mot toppen vert han teken i skred. Ei kvinne som også er på tur i området har tidlegare sett mannen, og når ho ser eit ferskt skred ved toppen som det også er skispor inn i varslar ho redningstenesta. Den skredtekne hadde ikkje sendar/ mottakar.

3.1.2 Regobs

<https://www.regobs.no/Registration/358254>

3.1.3 Snøskredvarsel for Svartisen 9.12.23

Snøskredvarsel for region Svartisen lørdag 09.12.2023

Velg dato



Faregrad 2 - Moderat snøskredfare

Publisert: 08.12.2023 15:33

Vær varsom i leområder der et vedvarende svakt lag har snødd/føyet ned. Sprekker i snødekket og drønnelyder er tydelige tegn på ustabilitet.

Skredfarevurdering

Økning i vindstyrke på utsatte plasser utpå ettermiddagen vil gi pålagring av ferske fokksnøflak i leheng vendt mot nord og vest.

Der hvor denne fokksnøen legger seg oppå steder med nedføyket vedvarende svake lag vil skred være svært lett å løse ut, og fjernutløsning vil være mulig. Enkelte naturlig utløste skred kan heller ikke utelukkes der pålagring er kraftigst.

Der fersk fokksnø bygger seg opp på områder uten vedvarende svake lag vil fokksnøen i seg selv være ustabil, men dette vil trolig stabilisere seg relativt raskt.

Skredproblemer

Fokksnø (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2).

Nedføyket svakt lag med nysnø




Vedvareende svakt lag (flakskred)

Du kan svært lett løse ut skred i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2). Fjernutløsning er mulig.

Kantkornet snø over skarelag



3.2 Den 9. desember 2023 – Langenestinden, Ørsta



Figur 3--2 Fjellsida der skredet gjekk. Skredet midt i bildet. Foto Kristian Smogeli.

Omkomne	1
Skredtekne	1
Aktivitet	Topptur
Terreng	Brattheng
Terrengfeller	Ja, oppstikkande stein og klipper
Svakt lag	Vedvarande svakt lag av kantkorn
Skredstorleik	2, middels stort skred
Redningsutstyr	ja
KAST klasse	4

3.2.1 Oppsummering

Grappa hadde kryssa over til renna der ulykka skjedde frå toppen av fjellet. Mannen som vart teken stod stille då skredet losna. Brotkanten var der han stod, men han rakk ikkje å stige av flaket. Han vart ført i stor fart ned til 20 meter over vatnet, skredmassane stoppa berre nokre meter over vatnet. Han hamna ikkje under snøen. Dei andre tok seg raskt ned og fekk ytt den hjelp dei kunne. Eit anna turfølgje kom også til og hjelpte til. Mannen vart henta ut med helikopter

3.2.2 Regobs

<https://www.regobs.no/Registration/358192>

3.2.3 Skredvarsel for Sunnmøre 9.12.23

Snøskredvarsel for region Sunnmøre lørdag 09.12.2023

Velg dato



Faregrad 2 - Moderat snøskredfare

Publisert: 08.12.2023 15:33

Det finnes vedvarende svake lag i snødekket. Vær spesielt forsiktig i overgangen mellom tynt snødekke og fokksnøflak.

Skredfarevurdering

Snødekket oppleves stort sett som stabilt, men vær obs på at det enkelte steder er mulig å løse ut skred i vedvarende svake lag av kantkorn dypt i snødekket. Sannsynligheten er størst der snødekket er tynt. Enkelte store skred kan ikke utelukkes.

Lokalt kan vind gi ferske fokksnøflak nært vindutsatte steder. Disse flakene kan være lette å påvirke, men ventes å være små.

Skredproblemer

Vedvarende svakt lag (flakskred)

Du kan løse ut skred i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave en bil eller ødelegge et lite hus (str 3).

Kantkornet snø under skarelag



3.3 Den 22. januar 2024 – Jamnfjellet, Tromsø



Figur 3--3 Snøskredet på Jamnfjellet. Foto Torje Graff.

Omkomne	1
Skredtekne	1
Aktivitet	Fottur
Terreng	Brattheng
Terrengfeller	Ja, overgang bratt-flatt terreng
Svakt lag	Vedvarande svakt lag av kantkorn
Skredstorleik	3, stort snøskred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	2

3.3.1 Oppsummering

Ei kvinne var på fottur åleine saman med hunden sin. Ho gjekk på føtene på stort sett hard og bærande fokksnø. Snøen var likevel mjuk nok til at ho sette spor som redningsmannskapet kunne sjå seinare. Spora tyder på at ho har aka eller sklidd ned i eit brattheng. Eit skred losnar og både ho og hunden hamna under snømassane. Skredet vert skildra som eit stort snøskred

på grunn av arealet til snøskredet. Stor sidevegs forplanting gjør at det vart eit skred som hadde stor breidde, men øydeleggingspotensialet til snøskredet var som for eit middels stort snøskred (str. 2). Kvinna vert etter ei stund meldt sakna og vert deretter funnen av redningsmannskap


3.3.2 Regobs og rapport

- Norsk Folkehjelp i Tromsø med bistand av NVE har skrive ein rapport frå denne ulykka som du finn på varsom.no: <https://www.varsom.no/nyheter/ulykkesrapporter-sno/rapport-dodsulykke-finnvikeidet-tromso-22-01-2024/>
- Regobs: <https://www.regobs.no/Registration/368359>

3.3.3 Snøskredvarsel

Snøskredvarsel for region Tromsø mandag 22.01.2024

Velg dato



Faregrad 2 - Moderat snøskredfare

Publisert: 21.01.2024 15:31

Lokalt ustabile forhold. Du kan løse ut skred der det er fersk fokksnø eller på vedvarende svakt lag. Skred kan i enkelte tilfeller blir store.

Skredfarevurdering

Du kan løse ut skred der det er fersk fokksnø eller på vedvarende svakt lag. Det blir en vindfull dag med sterk kuling fra sørøstlig retning. Løssnø fraktes inn i vest og nordvestvendte fjellsider hvor det dannes seg ustabile fokksnøflak. Ser du at snøen har en ujevn overflate (sastrugi og komethaler) viset det at vinden har jobbet med snøen og dannet flak. Snøfokk i lufta er også et tydelig faretegn.

Der det er sammenhengende flak over mildvæerskaren vil du enkelte steder lett kunne løse ut skred på vedvarende svakt lag. Terreng der du bør være ekstra forsiktig er typisk over kulformasjoner og i overgang fra tynt til tykt snødekke. I noen tilfeller kan disse skredene blir store.

Skredproblemer

Fokksnø (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2).

Dårlig binding mellom lag i fokksnøen



Vedvareende svakt lag (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen få bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave en bil eller ødelegge et lite hus (str 3). Fjernutløsning er mulig.

Kantkornet snø under skarelag



3.4 Den 26. Januar 2024 – Solaust – Hemsedal



Figur 3--4 Skred med brotkanten teikn inn. Foto Rebecca Roggentin

Omkomne	1
Skredtekne	3
Aktivitet	Ski, offpiste
Terreng	Bekkedal
Terrengfeller	Ja, bekkedal
Svakt lag	Vedvarande svakt lag av kantkorn
Skredstorleik	2, middels stort snøskred
Redningsutstyr	Nei
KAST klasse	2

3.4.1 Samandrag

Tre skikøyrarar vart teken av snøskred i Solaust i nærleiken til Hemsedal skisenter. Dette er på same staden ein mann vart teken av snøskred og omkom førre sesong, sjå meir informasjon i [Rapport - dødsulykke i Hemsedal 31.12.22 | Varsom.no](#). Ein av dei skredtekne var heilt dekkja av skredmassar og omkom. Ein var delvis dekkja og ein klarte å frigjere seg sjølv. Den omkomne vart funnet av hund.

3.4.2 Regobs

<https://www.regobs.no/Registration/369226>

3.4.3 Snøskredvarsel

Snøskredvarsel for region Hallingdal fredag 26.01.2024

Velg dato



Faregrad 3 - Betydelig snøskredfare

Publisert: 25.01.2024 15:42

Krevende forhold. Vedvarende svake lag nede i snødekket og ansamlinger av fersk fokksnø. Fjernutløsning mulig.

Skredfarevurdering

Nysnø og kraftig vind vil danne ferske ustabile fokksnøflak i øst-vendte lehang.

Det finnes også vedvarende svake lag dypere i snødekket som hindrer stabilisering og kan føre til at skred kan bli store. Det har vært skiftende vindretning de siste dagene, så eldre flak kan finnes i flere himmelretninger, men størst flak finnes i østvendte lehang.

Skredproblemer

Vedvarende svakt lag (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave en bil eller ødelegge et lite hus (str 3). Fjernutløsning er mulig.

Nedsnødd eller nedføyket kantkornet snø



Fokksnø (flakskred)

Du kan lett løse ut skred i noen bratte heng. Skred kan bli store nok til å begrave og ta livet av deg (str 2).

Nedføyket svakt lag med nysnø



4 Oppsummering

4.1 Lett å løyse ut snøskred

I snøskredproblema vert det skildra forventa utbreiing, forventa skredstorleik og forventa utløysbarheit i tillegg til kva som er mest utsett område. Ved tre av ulykkene var det varsla «Du kan lett (eller svært lett) løyse ut snøskred». Då forventar snøskredvarslinga at det er områder i varslingsregionen der folk lett kan løyse ut snøskred, men snøskreda har enten mindre forventa storleik eller utbreiing av snøskredproblemet (kor store områder du finn snøskredproblemet i) er mindre. Men viss ein er på stad med aktuelt snøskredproblem så vil det altså vere lett å løyse ut snøskred.

4.2 Faregrad 2

Tre av fire ulykker var ved varsla faregrad 2. Når ein skredfaregrad vert varsla er dette utifrå kombinasjonar av kor lett det er å løyse ut skred (utløysbarheit / Snødekkstabilitet), kor store

skred er forventa å bli, og kor stor utbreiing skredproblemet har. Det er difor mange måtar å kome fram til ein faregrad 2 som vist i matrisa nedanfor. For ein friluftsbukar vil det vere viktigast å fokusere på kva som er varsla snøskredproblem, og eigenskapane til problemet. Som vi ser av matrisa er det 4 kombinasjonar som gjev faregrad 2 medan det er varsla lett eller svært lett å løse ut middels store eller store skred.

EAWS

EUROPEAN AVALANCHE WARNING SERVICES

3

Utløsbarehet (Snødekkestabilitet)

Utbredelse

Mange

Noen

Få

(Nesten) ingen

Naturlig / Svært lett å løse ut
(Veldig dårleg)

5

5 (4)

4

3 (4)

2 (3)

5 (4)

4

3 (4)

3 (2)

2

4

3 (4)

3 (2)

2

1 (2)

Se på "lett å løse ut"

Lett å løse ut
(Dårleg)

5 (4)

4

4 (3)

3

2

4

4 (3)

3

2 (3)

2 (1)

3 (4)

3

2 (3)

2 (1)

1

Se på "vanskelig å løse ut"

Vanskelig å løse ut
(Moderat)

4 (3)

3 (4)

3 (2)

2

1 (2)

3 (4)

3

2 (3)

2

1 (2)

3

2 (3)

2 (1)

1 (2)

1

Faregrad 1 (liten)

5

4

3

2

1

5

4

3

2

1

5

4

3

2

1

Skredstørrelse

4.3 Terrengfeller

Terrengfeller er terrengformasjonar som aukar konsekvensane viss du vert teken av eit snøskred. Det kan vere terrengformasjonar som vil samle store skredmassar slik at du kan hamne ekstra djupt ned i snøen, det kan vere oppstikkande steinar og tre som du kan bli slått mot når du føl skredet nedover eller det kan vere klipper og stup som du kan bli kasta utover av snøskredet. Ved ferdsel i skredterreng må ein alltid vurdere terrenget ein ferdast i og vurdere kva som skjer viss ein vert teken av skred.

4.4 Nordmenn

Det har vore mykje fokus på at utanlandske turistar i Troms står for mange av skredulykkene her i landet. Og statistikken viser at det er vanlegvis mange av dei. I vinteren 2023/24 var det ingen utlendingar som omkom i snøskredulykker i Norge. Alle dei 4 omkomne var nordmenn. Oversikta viser også at 58% av dei omkomne i ulykker på skitur, etter 2008 er Nordmenn.

4.5 Vedvarande svakt lag

Vedvarande svakt lag av kantkorn eller rim var det laget som gjekk til brot i alle ulykkene denne vinteren. Observasjonar og granskingar etter snøskredulykker viser at vedvarande svakt lag er snøskredproblem i 66% av alle skredulykker med omkomne i Norge etter 2008.

4.6 Terreng og aktivitet

Ein lyt alltid hugse at det er terrenget ein ferdast i, og ikkje aktiviteten ein utfører, som avgjer om ein utset seg for snøskredfare. Det er viktig å vere klar over kva som er snøskredterreng og kva som ikkje er det. Varsom-appen har kart som kan hjelpe med dette. Når ein ferdast i

snøskredterreng bør ein ha med tryggleiksutstyr som sendar/ mottakar (skredsøkar), spade og søkestang.

4.7 Åleine i skredterreng

For å kunne gjennomføre kameratredning må det minst vere to personar i saman. Ein må ferdast slik at ikkje begge eller alle vert tekne av skred samstundes. Alle som ferdast i skredterreng bør ha med kameratredningsutstyr og øvd på å bruke det. Viss du er åleine og vert teken av snøskred er det ingen som kan finne deg og grave deg opp igjen.

Vedlegg

Vedlegg 1 Klassifisering av snøskredterreng (KAST)

KAST står for klassifisering av snøskredterreng. Denne terrengklassifiseringa vart oppdatert vinteren 2023 / 24. Ei av endringane var at det vart innført ein terrengklasse 4 for ekstremt terreng. Når det gjeld KAST-klasse så er dette ein klassifisering som ikkje passar heilt til å bedømme eit enkelt skredheng, faktorane er meint å gje eit inntrykk av kompleksiteten over eit større areal. Me har likevel prøvd å bruke metoden får å gje eit inntrykk av terrenget i området som hadde innverknad på skredutløysinga i henget. Alle vurderingane er gjort ut frå topografiske kart, hellingskart, bilete og lokalkjennskap. Les meir om terrengklassar på skredskulen:

<https://varsom.no/snoskredskolen/skredterreng/kast-klassifisering-av-snoskredterreng/kast-terrengklasser/>

Vedlegg 2 Snøskredproblem

Skredvarslinga varslar 7 forskjellige skredproblem. Desse er:

- Nysnø – flakskred
- Nysnø – laussnøskred
- Fokksnø – flakskred
- Vedvarande svakt lag – flakskred
- Våt snø – flakskred
- Våt snø – laussnøskred
- Glideskred – flakskred

Skredproblema er dei same for alle europeiske skredvarslingstenestar. Ein kan lese detaljerte forklaringar om skredproblem på snøskredskulen:

<https://www.varsom.no/snoskredskolen/snoskredproblemer/>



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo
Telefon: (+47) 22 95 95 95